



Personalialia:

Namn:		
Adresse:	Postnr.:	Poststad:
Fødselsnummer (11 siffer):	Telefon:	
E-post:		

Du må oppgje kva register eller sak du ønskjer innsyn i.

Politiet sine sentrale register:

På side 2 finn du nærare forklart kva dei ulike registra inneheld.* Les denne forklaringa før du kryssar av på skjemaet. Kryss berre av for register som er relevante for førespurnaden din.

Kripos er behandlingsansvarleg for:

- | | |
|---|--|
| <input type="checkbox"/> Straffesaksregisteret | <input type="checkbox"/> Etterlysningsregistre |
| <input type="checkbox"/> Reaksjonsregisteret | <input type="checkbox"/> Politioperativt register |
| <input type="checkbox"/> Personidentitets- og politiopplysningsregisteret | <input type="checkbox"/> Lydlogg |
| <input type="checkbox"/> DNA-registeret | <input type="checkbox"/> Arrestjournal og opptak av lyd og bilete i politiarrest |
| <input type="checkbox"/> Fotoregisteret | <input type="checkbox"/> Grensekontrollregisteret |
| <input type="checkbox"/> Fingeravtryksregisteret | <input type="checkbox"/> Informantregisteret |
| <input type="checkbox"/> Kriminaletterretningsregisteret | <input type="checkbox"/> Bekymringsamtalar |
| <input type="checkbox"/> Saknaregisteret | |

Økokrim er behandlingsansvarleg for:

- Kvitvaskingsregisteret

Politiets utlendingseining er behandlingsansvarleg for :

- Politiets utlendingsregister

Nærare skildring av saka:

Forklar kva samanheng du meiner å ha blitt registrert i dersom du er usikker på kva for eit register som er aktuelt.

Skjemaet skal sendast til det behandlingsansvarlege organet (Kripos, Politiets utlendingseining eller Økokrim). Du kan òg sende det til politidistriktet som gjorde vedtak om registreringa, eller til politidistriktet der du bur. Du finn ei adresseoversikt på www.politiet.no. Du kan òg levere skjemaet personleg. I så fall må du ha med deg gyldig legitimasjon, sjå baksida.

Underskrift

Stad	Dato	Underskrift	Underskrift føresett/verje

Kravet om innsyn må vere underteikna, og ein kopi av gyldig legitimasjon må leggjast ved.

Dersom den registrerte er under 15 år, må kravet om innsyn underteiknast av ein føresett. Frå fylte 15 år kan den registrerte sjølv be om innsyn etter politiregisterlova. Den føresette/verja kan på sjølvstendig grunnlag be om innsyn i opplysningar om den registrerte (barnet) fram til den registrerte fyller 18 år. I slike tilfelle bør barnet informerast.

Legitimasjon:

For privatpersonar er gyldig legitimasjon:

- Gyldig pass (ikkje naudpass)
- Norsk bankkort med bilete
- Norsk førarkort – original og duplikat (ikkje førarkort av eldre dato – "grønt førarkort")
- Nordiske førarkort etter EU/EØS-standard
- Forsvarsdepartementet sitt ID-kort (frå 2004)
- Gyldige ID-kort frå Posten utferda etter 1. oktober 1994
- Nasjonalt ID-kort utferda innanfor EØS-området
- Asylsøkjarbevis supplert med signatur og fødestad
- Norsk reisebevis for flyktningar (grønt pass)
- Norsk utlendingspass (blått pass)

For juridiske personar (firma, organisasjonar o.l.) som er registrerte i Føretaksregisteret er gyldig legitimasjon:

Firmaattest som ikkje er eldre enn 3 månader. Kopi av relevant dokumentasjon må leggjast ved.

For juridiske personar (firma, organisasjonar o.l.) som er registrerte i Einingsregisteret, men ikkje i Føretaksregisteret, er gyldig legitimasjon:

Utskrift frå Einingsregisteret som inneheld alle registrerte opplysningar om eininga, og som ikkje er eldre enn 3 månader.

For juridiske personar (firma, organisasjonar o.l.) som ikkje er registrerte i Einingsregisteret, men i eit anna offentleg register, er gyldig legitimasjon:

Attest eller underskrift frå registeret som gjev opplysningar om namnet, adressa til forretningsstaden eller hovudkontoret, og eit eventuelt utanlandsk organisasjonsnummer. Det skal gå fram kva for offentleg register som kan stadfeste opplysningane.

Den som krev innsyn på vegner av ein juridisk person, må leggje fram fullmakt for dette.

* Oversikt over kva politiregistra inneheld

Straffesaksregisteret (politiregisterforskrifta kap. 48)

Opplysningar om mottekne meldingar og oppfølging av straffesaker. Registeret skal gje ei oversikt over saksgangen for alle straffesaker, og dannar òg grunnlag for ei rekke statistikkar.

Reaksjonsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 44)

Opplysningar om straffer og andre tiltak fastsette som følge av lovbrøt. Det blir registrert opplysningar om personalia, reaksjonar og tiltak. Opplysningar frå registeret dannar grunnlag for vandelskontroll etter politiregisterlova kapittel 7.

Personidentitets- og politiopplysningsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 49)

Inneheld personidentitets- og politiopplysningar og skal sikre at politiet behandlar saks-, reaksjons- og identitetsopplysningar knytte til rett person eller føretak. Opplysningar frå registeret dannar grunnlag for vandelskontroll etter politiregisterlova kapittel 7.

DNA-registeret (politiregisterforskrifta kap. 45)

DNA-registeret består av eit identitetsregister, eit etterforskningsregister og eit sporregister. Registeret inneheld opplysningar frå DNA-prøver innhenta i samsvar med straffeprosesslova § 158 og politiregisterlova § 12.

Fotoregisteret (politiregisterforskrifta kap. 48)

Inneheld foto innhenta i samsvar med straffeprosesslova § 160 og føresegnene i påtaleinstruksen kap. 11.

Fingeravtrykksregisteret (politiregisterforskrifta kap. 46)

Inneheld fingeravtrykk innhenta i samsvar med straffeprosesslova § 160 og føresegnene i påtaleinstruksen kap. 11.

Kriminaletterretningsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 47)

Opplysningar meinte til å førebyggje, avdekkje og stanse kriminell aktivitet og sikre einskildpersonar sin tryggleik. Politiet har omfattande rettar til å gjere unntak frå innsynsretten i dette registeret ut frå m.a. omsyn til motarbeiding av kriminalitet, etter ei konkret vurdering.

Saknaregisteret (politiregisterforskrifta kap. 50)

Opplysningar om personar som er sakna, truleg omkomne, og opplysningar om uidentifiserte lik.

Etterlysingsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 51)

Inneheld opplysningar om personar og gjenstandar som er etterlyste eller har vore etterlyste nasjonalt i samband med strafforfølgjing eller andre politioppgåver.

Kvitvaskingsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 52)

Register for rapportering av mistenkjelege transaksjonar. Politiet har omfattande rettar til å gjere unntak frå innsynsretten i dette registeret ut frå omsyn til motarbeiding av kriminalitet, etter ei konkret vurdering.

Politioperativt register (politiregisterforskrifta kap. 53)

Gjev operasjonsleiinga i politiet ei fortløpande og døgnkontinuerleg oversikt over hendingar og oppdrag, og blir brukt i planlegginga og gjennomføringa av den operative polititenesta i eit politidistrikt.

Lydlogg (politiregisterforskrifta kap. 53)

Automatisert og fortløpande opptak av kommunikasjon via telefon og anna sambandsutstyr ved politiet sine operasjonssentralar.

Arrestjournal og opptak av lyd og bilete i politiarrest (politiregisterforskrifta kap. 54)

Oversikt over alle personar som blir sette i politiarrest i samsvar med føresegnene i straffeprosesslova, utlendingslova og politilova. Føremålet med lyd- og biletopptak i politiarresten er å sikre liv og helse for arrestantane.

Grensekontrollregisteret (politiregisterforskrifta kap. 55)

Inneheld opplysningar knytte til politiet sin grensekontroll.

Politiet sitt utlendingsregister (politiregisterforskrifta kap. 56)

Blir brukt av Politiets utlendingsseining for å løyse eininga sine oppgåver etter utlendingslova og for oppgåver ved politiet sitt utlendingsinternat.

Informantregisteret (politiregisterforskrifta kap. 57)

Nasjonal oversikt over politiet sine informantar.

Bekymringsamtalar (politiregisterforskrifta kap. 58)

Inneheld opplysningar knytte til gjennomføring og oppfølging av politiet sine bekymringsamtalar med mindreårige og deira føresette, jf. politilova § 13.